



NIBIO

NORSK INSTITUTT FOR
BIOØKONOMI

Jobbnorge ID: 218222

Deadline: 2/3/2022

Website: <http://www.nibio.no/>

Scope: Fulltime

Duration: Permanent

Avdelingsingeniør innan plantehelse og entomologi

Nøkkelinformasjon

Du vil ha oppgåver innan skadedyr, nytteorganismar og ugras. Du må også rekne med oppgåver knytt til anna biologisk forsøksarbeid. Arbeidet vil gå føre seg både i felt (hovudsakleg frukt), laboratorium og kontor.

Arbeidsstad er Ullensvang, men det må reknast med noko arbeid andre stader i Norge og på andre av NIBIO sine einingar i kortare periodar.

Hovudoppgåvene til stillinga

- I samråd med forskarar planlegga og utføra forsøk innan skadedyr og nytteorganismar og gjere kartleggingar i felt, klimarom og laboratorium.
- Registrera biologiske data frå forsøk i felt, klimarom og laboratorium
- Innlegging av data, utføra enkle statistiske analysar og rapportera resultat
- Dyrking og stell av plante-, midd- og insektkulturar til forsøk
- Vege opp og handtere kjemiske plantevernmiddel, inkludert sprøyting i veksthus og felt
- Skrive rapportar og artiklar på norsk og engelsk

Kvalifikasjonskrav

- Utdanning innan biologi, agronomi eller tilsvarande på bachelor- eller masternivå
- God talforståing og evne til å setje seg inn i statistikk og forsøksplanlegging
- God munnleg og skriftleg framføringsevne både på norsk og engelsk
- Førarkort for bil (klasse B)
- Normalt fargesyn (viktig i diagnosearbeid)

Det er ein fordel om du har

- Kompetanse innan entomologi og herbologi/botanikk
- Kjennskap til og interesse for planteproduksjon og biologisk samspel
- Erfaring frå forsøksarbeid i felt, laboratorium og/eller veksthus
- Kjennskap til fruktproduksjon
- Gode praktiske ferdigheiter

Personlege eigenskapar

- Systematisk, ryddig og nøyaktig
- Taklar arbeidstoppar og at biologi/klima gjere at enkelte oppgåver må takast på sparket
- Evne til å arbeida sjølvstendig
- Resultat- og løysingsorientert
- Serviceinnstilt
- Gode samarbeidsevner og bidreg til eit godt arbeidsmiljø

Vi tilbyr

Stillinga er plassert i det statlege lønsregulativ som avdelingsingeniør kode 1085, lønnssteg 46-56 (kr 431.900 - 507.600 pr. år). Løna vert vurdert etter utdanning og erfaring.

Medlemskap i Statens Pensjonskasse, noko som inneber ei god tenestepensjonsordning, yrkesskade- og gruppelivsforsikring, og tilbod om bustadlån til ei gunstig rente.

Treng du meir informasjon?

Kontakt stasjonsleiar Thomas Harris, tlf 473 52 311, eller forskningssjef/avdelingsleiar Ingeborg Klingen, tlf 930 93 311

Korleis søkja på stillinga

Søknad med CV sendar du elektronisk via lenkje på denne sida, "søk stillinga".

Vitnemål og attestar skal takast med ved eit eventuelt intervju, eller leggjast ved elektronisk.

Generelle opplysingar

Vi legg vekt på mangfald på arbeidsplassen og oppmodar kvalifiserte kandidatar til å søkja - uavhengig av alder, kjønn, funksjonsevne, hol i CV, nasjonal eller etnisk bakgrunn.

Som statleg verksemd har vi moglegheit til å gi ein positiv særbehandling for søkjarar som har funksjonsnedsetjing, hol i CV eller innvandrarbakgrunn. Positiv særbehandling inneber mellom anna at du lettare vil komma til intervju.

Les meir om dette [her](#).

Vi gjer merksam på at opplysingar om søkjaren kan verte gjorde offentlege, jf. Lov om rett til innsyn i dokumenter i offentleg verksemd (offentleglova), § 25. Ein søkjar kan be unntak frå oppføring på den offentlege søkjarlista. Dersom oppmodinga ikkje vert teken til følge, vert søkjaren varsla om dette.

Om NIBIO og avdelinga

NIBIO arbeider med landbruk, mat, klima og miljø. Vi leverer forskning, forvaltingsstøtte og kunnskap til bruk i nasjonal beredskap, forvalting, næringsliv og samfunnet elles.

NIBIO har hovudkontor i Ås i Akershus, har om lag 700 tilsette, og er til stades i alle landsdelar. Landbruks- og matdepartementet er eigar av NIBIO

[NIBIO Ullensvang](#) har ansvar for å leggje til rette for forskning knytt til integrert og økologisk produksjon av frukt og bær. Stasjonen liggar i hjartet av fruktbygda Lofthus og har nært samarbeid med fruktnæringa lokalt og nasjonalt. NIBIO Ullensvang har tradisjon for å samarbeide med utanlandske forskarar, og for å tilby norske og utanlandske studentar opphald i kortare eller lengre tid.

Additional information

Place of service:

Ullensvang i Hardanger 5781 Lofthus (Ullensvang Municipality)